

# Telefonmøte med kommunane 13. mars

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Representantar frå alle kommunane i Vestland, Fylkesmannen, fylkeskommunen, Helse Bergen, Helse Førde, Helse Fonna, Bjørgvin bispedøme og Samarbeidsrådet for tru- og livssynssamfunn

## 1. Informasjon til innbyggjarane

Hugs at ikkje alle innbyggjarar snakkar like godt norsk. Tenk difor på korleis viktig informasjon kan nå ut til dei med anna språkbakgrunn enn norsk.

## 2. Nasjonale vedtak for å hindre spreiling av covid-19

Helsedirektoratet har vedteke omfattande tiltak for å hindre spreiling av covid-19 og for å bidra til å oppretthalde naudsynt helse- og omsorgstenester. Fullstendig oversikt over dei innførte tiltaka finn de her: <https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/helsedirektoratet-har-vedtatt-omfattende-tiltak-for-a-hindre-spredning-av-covid-19>.

## 3. Presiseringar frå Utdanningsdirektoratet knytt til barnehagar og skuler

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar som barnehagemyndighet for å formidle informasjon om gjennomføring av vedtaket i eigen kommune, til både kommunale og private barnehagar.

Born av føresette som jobbar i verksemder med kritiske samfunnsfunksjonar skal få eit tilbod i den barnehagen dei høyrer til. Ein skal ikkje samle borna i ein felles barnehage ettersom formålet med vedtaket er å ikkje samle for mange born på ein stad.

Så langt det er mogleg bør ein forelder som ikkje jobbar i ei verksemd som har ein samfunnskritisk funksjon, vere heime med borna. Samstundes bør ein gjere ei vurdering av kva som er praktisk mogleg å få til, og om det er andre forhold som til dømes skilte foreldre som likevel gjer dette vanskeleg.

Når det gjeld å få ut informasjon frå nasjonale myndigheter til private skuler, er dette noko Fylkesmannen tek seg av. Dei kommunane som ønskjer kan samstundes ha ein dialog med friskular i eige område.

Sunnfjord kommune og Bjørnafjorden kommune melder om at dei har satt grense på 5. og 4. klasse for kor gamle elevar dei planlegg å lage eit opplegg for, når det gjeld born til personar som jobbar i verksemder med samfunnskritisk funksjon. Dette er eit greitt utgangspunkt, men det vil vere viktig at det vert gjort særskilte vurderingar der det er behov for det. Denne grensa gjeld ikkje for born med særskilte behov.

### Spørsmål/avklaringar

**Helse Bergen:** Legg til grunn at det er tilstrekkeleg for deira tilsette å vise tilsettbevis for å stadfeste at dei jobbar i ein samfunnskritisk verksemd. Dei har ikkje høve til å lage dokumentasjon på alle deira tilsette på så kort varsel.

#### **4. Godtgjering av fastlegar**

Det har blitt varsle ein nasjonal kompensasjonsordning for fastlegar som må i karantene. Detaljane for ordninga kjem.

Meir informasjon på heimesida til Den norske legeforeining:

<https://www.legeforeningen.no/nyheter/2020/koronautbruddet-helseministeren-lover-losning-for-fastlegene>

#### **5. Samvirke mellom fastlegar (private helsearbeidarar) og kommunen**

Fastlege har eit viktig ansvar for å ivareta pasientane sine setje i verk nødvendig. Det er viktig at dei utfører mest mogleg av desse oppgåvene for å avlaste legevakt og spesialisthelsetenesta.

Fylkesmannen får ein del spørsmål frå privatpersonar som seier at dei ikkje får svar. Det er viktig at kommunane tenkjer gjennom korleis de skal få ut informasjon på ein god måte, og syter for eit godt samarbeid mellom eigen organisasjon og fastlegane.

##### Initiativ frå bedriftshelsetenesta

Fylkesmannen har blitt kontakta av ein av dei større bedriftshelsetenestene om at dei har ressursar og spør korleis dei kan bidra i denne situasjonen. Vi har oppmoda dei om å ta kontakt med kommunane for å drøfte korleis dei kan bidra.

#### **6. Utstyrssituasjonen**

Helsedirektoratet har informert om at det vert sett i verk ei nasjonal koordinering for innkjøp av utstyr (særleg smittevernutstyr) i regi av Sjukehussinnkjøp HF. Det vil bli oppretta ei digital løysing der kvar kommune kan gå inn å bestille.

Kommunen må lage ei felles bestilling ut frå eit samla behov i kommunen. Kommunen må difor ha oversikt over behovet både i eiga teneste, hjå fastlegane og i andre private helsetenester i kommunen.

Fylkeskommunen understrekar at det er viktig at tannhelsa vert inkludert i dette arbeidet.

#### **7. Religiøse arrangement innanfor og utanfor den norske kyrkje**

Den norske kyrkja har bestemt å avlyse alle gudstenester og møte. Det vil framleis bli gjennomført gravferd, men avgrensa til nærmaste familie (opp til 50 personar). Ved større samlingar må dette avklarast med kommuneoverlegen. Det vil bli gjort eigne vurderinger for gjennomføring av dåp og vigslar. De finn informasjon om dette på Bjørgvin bispedøme sine heimesider: <https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/forsideoppslag/corona%20-%20ingen%20gudstenester/>

Dei fleste andre trus- og livssynssamfunn har avlyst dei fleste aktivitetar, men ikkje alle. Det kan vere grunn til å tru at ikkje alle med ikkje-norskpråkleg bakgrunn har fått og forstått informasjonen frå styresmaktene.

Fylkesmannen understrekar at det er viktig at kommunane er medvitne om dette, og bidreg til at dei nasjonale føringane vert forstått av alle.

## 8. Oppmodinga om å ikkje gå på jobb

Nasjonale styresmakter har oppmoda om at ein ikkje skal gå på jobb om det er mogleg. Det betyr at ein bør leggje til rette for heimekontor der det er mogleg, eller andre løysingar. Ein del vil framleis måtte gå på kontoret for å kunne ivareta arbeidsoppgåvane sine, t.d. fordi dei har oppgåver som er samfunnskritiske.

## 9. Retningslinja for testing

Kriteria for testing, uavhengig av reiseanamnese (prioriteringar må tilpassast lokale forhold og kapasitet)

- Pasientar med akutt innsettande luftvegsinfeksjon\* med behov for innlegging
- Innlagte pasientar i alle helseinstitusjonar med akutt luftvegsinfeksjon
- Tilsette i helsetenesta med pasientnært arbeid, med akutt innsettande luftvegsinfeksjon
- Person med akutt luftvegsinfeksjon som har vert i nærbuktak med eit stadfesta tilfelle av covid-19 der smitteoppsporing er initiert
- Spesielt sårbare grupper bør vurderast for testing sjølv ved milde symptom

\*akutt luftvegsinfeksjon med minst eit av symptomata feber, hoste, kortpusta.

Siste oppdaterte retningslinjer for testing finn ein på FHI sine sider:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/testing-og-diagnostikk-for-nytt-koronavirus-coronavirus/>

### Friskmelding av helsepersonell som har hatt negativ test

Vi har fått spørsmål om helsepersonell med luftvegsinfeksjonar som er testa med negativt resultat, likevel skal vere i karantene i 14 dagar.

*Etter telefonmøtet fredag 13. mars, har vi fått avklart dette spørsmålet med Helsedirektoratet: helsepersonell må fullføre heile karanteneperioden sjølv om prøveresultat er negativt.*

## 10. Karantene

### Oppfølging av personar i karantene

Kommuneoverlegen må gjere ei sjølvstendig vurdering av dei som vert sett i karantene. Nokre vil truleg ha eit behov for aktiv oppfølging, medan andre vil klare seg sjølve.

FHI understrekar i sine råd til personar som er i heimekarantene at dei må passe på utvikling av eigne symptom som hoste, halsbetennelse, kortpustaheit eller feber, og at viss ein opplever symptom skal ein kontakte lege.

FHI sine råd til personar som er i heimekarantene finn ein her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-til-personer-som-er-smittet-eller-har-vart-utsatt-for-smittes/rad-til-personer-som-er-i-hjemmekarantene>

#### Bruk av andre tilsette til orienterande samtalar med personar i karantene

Det er mogleg å nytte anna personell til å gjere slike samtalar, så lenge dei får tilstrekkeleg opplæring og at nokon som er ansvarleg følgjer dei opp. Når tilsette frå andre einingar blir sett til desse oppgåvane, vil dei bli rekna som helsepersonell og falle inn under helsepersonellova. Det vil mellom anna bety reglar for teieplikt.

#### Praktisering av karantene for personar som har vore på reise utanfor Norden

Karanteneperioden gjeld frå ein kjem tilbake til landet og 14 dagar fram i tid. Det vil sei at om ein kom attende 29. februar, vil ein 13. mars ha avvikla 13 dagar av karantenetida.

#### Ikkje heimekarantene for personar i husstanden til personar som har vore i utlandet

Det er ikkje lengre vedtatt at andre i husstanden til personar som har vore på utanlandsreise òg må i karantene.

#### Oppfølging av personar som bryt karantene

Fleire av kommunane rapporterer om tilfelle der personar bryt karantene. Det er smittevernlegen som bestemmer korleis ein ønskjer å følgje opp dette. Smittevernlova opnar for bot eller fengselsstraff.

Fylkesmannen ser at det er trøng for nasjonale retningslinjer for dette, og ventar på svar frå Helsedirektoratet.

### **11. Reiseforbod for helsearbeidarar**

Mange helsearbeidarar pendlar frå andre land og/eller jobbar ved ulike helseinstitusjonar samstundes. Innføringa av reiseforbod for helsepersonell er krevjande for denne gruppa.

Reiseforbodet for helsepersonell gjeld i utgangspunktet for alle, men vi er kjende med at dette er ei problemstilling som òg er trekt fram i andre regionar. Fylkesmannen vil følgje dette opp med nasjonale myndigheter.

### **12. Fritidsreiser**

Det er fleire av kommunane som opplever utfordringar med at mange ikkje følgjer tilrådinga om å unngå å gjennomføre fritidsreiser, og i staden vel å reise på hytta. For ein del kommunar er det snakk om eit høgt tal tilreisande som er med på å leggje eit press på samfunnskritiske tenester som t.d. legevakta.

Helsedirektoratet anbefaler i dag at folk blir heime og ikkje reiser på hytta, då ein ikkje ønsker å spreie smitte til små lokalsamfunn, samstundes som små stadar oftast har mindre helseressursar.

Regjeringa vedtok 16.03.2020 forskrift som gjev heimel for å forby opphold på fritidseiendommar <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-kan-forby-opphold-pa-fritidseiendommer-og-fastsetter-tydelige-regler-for-karantene-og-isolasjon/id2693647/>

### **13. Private tannlegar**

Den norske tannlegeforeininga har publisert eigne råd til private tannlegar på sine heimesider: <https://www.tannlegeforeningen.no/jus-og-arbeidsliv/koronavirus/koroinformasjon-til-privatpraktiserende-tannleger.html>

I tillegg har FHI laga eigne [temasider](#) om SARS-CoV-2 for tannhelsetenesta.

### **14. Fysioterapi**

#### Tolking av vedtak 12. mars for fysioterapi, kiropraktor og liknande helsetenester

Det har kome fleire spørsmål, òg etter telefonmøtet – og vi ønskjer her å supplere med meir informasjon. Fysioterapi og kiropraktikk er helsetenester som skal vere i drift. Norsk fysioterapiforbund har publisert god og tydeleg informasjon på sine nettsider, med m.a. tilrådingar om å avlyse gruppemøtar og generelle smitteverntiltak jf. råd frå FHI. Dei oppmodar òg om at fysioterapeutar tek kontakt med kommuneoverlege ved tvil eller spørsmål.